

Møtereferat

Dato: 11.09.2019

Emne:	Regionalt planforum – Områdereguleringsplan Rosendal	
Til stades:	Hordaland fylkeskommune (HFK): Eva Katrine Ritland Taule, Nina Gjester Hoel, Ida Steffensen, Gunnhild Raddum, Grete Kathrine Jacobsen, Gunnbjørg Austrheim, Øystein Monsen, Lars Øyvind Birkenes, Kjell Håland (Utval for kultur, idrett og regional utvikling) Kystverket Vest: Turid Susort Jansen, Kjell Evensen, Dagfinn Fjeldstad, Statens vegvesen: Bjørn Skorpa Eikeland Kvinnherad kommune: Øyvind Utne, Kjartan Thoresen, Anne-Lise Næs, Harald Maaland 3RW Arkitekter: Tord Bakke, Philip Diczon Sandberg	
Forfall:	-	Sak:
Møtetid:	27.08.2019 kl. 10.00 – 12.00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine R. Taule**Referent: Ida Steffensen / Nina Gjester Hoel**

Eva Katrine Taule, konstituert plansjef i Hordaland fylkeskommune, ønskte velkommen og orienterte om regionalt planforum, eit forum for å fremje dialog i planprosessane.

Introduksjon

Øyvind Utne, leiar i forvaltingskommiteen i Kvinnherad.

Kommunen ønskjer å planlegge gode lokalsenter, sett difor igang arbeidet med områdeplanar for både Sunde og Rosendal. Politikarane har peikt på behov for idrettshall med tilknytt parkering. Ein må også ta omsyn til landskap. Ein ønskjer at Rosendal skal vere ein attraktiv stad også i framtida. Grunna lågare folketalsutvikling vil ein satse på fleire sentrumsnære bustader og fleire lokale arbeidsplassar, også innan turisme. Ein strandpromenade vil gjere Rosendal meir attraktiv for både tilreisande og fastbuande. Ein ønskjer å skape eit engasjement gjennom brei medverknad tidleg i planprosessen.

Tord Bakke, 3RW Arkitekter

Planen er no i tidlig planprogramfase. Tematisk og geografisk skal planen definerast etter kvart. Føringar for arbeidet vidare er næring; kulturkvalitetar; turisme; landskap; uterom; samferdselsarealar; visjonen om attraktiv, frisk og grønn kommune. Ein vil avklare plangrense, arealbruk, utnytting og hovudstrukturar. Medverknad er organisert gjennom referansegruppe (bygdelag, bondelag, osv.), folkemøte, involvering av barn og unge. Ein håpar å ha ferdig plan godkjent neste haust. Aktuelle utgreiingar er konsekvensutgreiing, cruise, friluftsliv, barn og unge, kultur, samt fleire tema som kjem som innspel etter medverknadsprosessen. Omsyn og avgrensingar i planarbeidet er samferdsle; radon; naturmangfald; naturområde; kulturminne; friluftsområder tett på og i sentrum; forureining; ver og klima; flaum.

Kva vil Rosendal framover? 3RW har utvikla scenario til medverknadsprosessar som diskusjonsgrunnlag. Nokre deler er inne i alle scenario, til dømes idrettshallen, strandpromenaden, andre brikker er meir i spel. Nokre av scarioa trekk mot ytterkantane. Strandpromenaden er skissert med ulike trasear. I dag er han regulert med bru, som er eit godt utgangspunkt. Utdringa er å lage ein god plan som kjem til å bli gjennomført. Ein må jobbe med kvalitetsprogram for å følge opp planen.

Diskusjon:

Om planavgrensinga:

Bakgrunn for framlegg til planavgrensing er å inkludere båtplassen for Gurine, som er målet for strandpromenaden mot nord-vest, og til offentlig badeplass i sør. Ein ønskjer å få med seg sentrumsføremåla austover, men bustadområder og baroniet vidare aust treng ikkje vere med i ein sentrumsplan. Grensa er difor sett bak bygningane aust for fylkesvegen.

Planseksjonen forstår utfordringa i å sette planområdeavgrensing. Ein bør vere obs på at sentrumsavgrensing definert i *Regional plan for attraktive senter (2014)* anslår for kommunesenter 600 meter i diameter. Forslaget har diameter på 1,2 km – dobbelt så stort som retningslinjene for sentrumsavgrensing. Men - områdeplanen ikkje treng å samanfalle med senteravgrensinga, som kommunen allereie har sett i KPA. Elles er det positivt å inkludere skule og handelsgate i ein sentrumsplan, og strandpromenade er eit flott tiltak.

Fylkeskonservator legg fram at ein i planarbeidet bør ein lage ei analyse som inkluderer heile Rosendal som stad og tek inn det store landskapsbiletet - dette for å sikre kulturmiljøet, då særleg rundt Baroniet, område langs elva og området inn med dalen. Ein bør sikre samanhengen mellom sjøen og dalen, og sikre dei store linjene og heilskapen på staden. Det er også viktig å analysere linjene utanfor sentrum. Baroniet si kontakten med kyrkja, mot sjøen, mot sentrum, og med kulturlandskapet som ligg rundt. Kanskje ein kan bruke element frå analyseområdet for å detaljere i sentrum. Ei analyse vil sikre gamle tråkk, siktlinjer, gamle stiar, vegfar, visuelle linjer som er ein del av heile Rosendal. Området langs elva og kontakten inn i kulturlandskapsområdene og Baroniet. Analyse er ikkje ein trussel mot utbygging.

Strandpromenade nord-vest for sentrum er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Strandsona sørover uproblematisk. Kommunen må vere obs på at *områdeplan* krev full arkeologisk registrering. Dette er kostbart for grøntområde. Kravet frå riksantikvaren gjeld også dyrka mark. Fylkeskonservatoren foreslår kommunedelplan framfor områdeplan? I område sør for elva, mellom elv og fylkesveg i den planavgrensinga som er lagt fram, ser ikkje fylkeskonservator at det er naudsynt med arkeologisk utgreiingar grunna flaumhistorikken.

Samferdsel vurderer at det er flott at fylkesvegen er med. I plansaken i Baronivegen var fylkeskommunen kritisk til å flytte busstopp til Manger skule. Oppfordrar til å hugse på heilskapen.

Fylkeskommunen saknar vurdering av følgjande tema: Landskapsmessig og kulturhistorisk utvikling, og temakart infrastruktur. Stadsanalysen frå 1997 inkluderar berre halve området. Må også inkludere nytt område og tilgrensende, men kan vere bra å bygge vidare på. Fylkeskommunen ber også kommunen om å plukke opp arbeidet med kulturminneplanen.

Om medverknad:

Utfordrar til å tenkje utradisjonelt i medverknadsprosessen. Kommunen fortel om *#Kvinnherad2050* og om samarbeid med Rosendal ungdomsskule, som ser moglegheiten til å bruke skuleplanen for å engasjere unge. 3RW understreker at om forma for medverknad ikkje er ny så skal innhaldet gi brei dekning. Dei trekk fram folketråkk, og elles skal dei bruke andre innovative formar ein kan få plass til innanfor rammeverket. Dette er ein viktig del av arbeidet. Kommunen understreker at referansegruppa er brei, og at det er lagt opp til møter før folkemøte. Kystverket er positive til å ha blitt involvert tidleg i prosessen, og oppfordrar kommunen til å ta kontakt når dei treng det.

Om turisme:

Kystverket utfordrar kommunen på om dei har vurdert andre lokasjonar for cruisehamn enn dei som scenarioa førespeglar? Korleis tenker ein småbåthamnar? Store cruiseskip kan gjere det vanskeleg for småbåtar. Eit cruiseskip krev permanent fortøyingsarrangement 600 m frå stranda. Fallvindar er eit problem også. Kontinuerleg behov for propelldrift kan bli eit resultat om ein ikkje har lagt til rette godt nok. Baugen på store båtar må ligge ut, slik at dei kan komme seg raskt ut i dårleg ver. Folkemengder på 3.000 menneske ikkje uvanleg. Her kan ei sjå på Geiranger. Ein må ha ei meining om kva ein ønskjer å ha. Kystverket legg fram spørsmålet - kva med å legge til rette for ein cruisehamn lenger sør, til dømes mot Dimmelsvik? Busse turistar til sentrum eller på langtur. Ein skikkeleg hamn for Hardanger kan vere aktuelt. Eidfjord er avgrensast av brua, Odda har ikkje kapasitet. Rosendal kan vere eit knutepunkt – ikkje i sentrum, men utanfor.

I utgangspunktet er Kystverket positivt til alle nye kaiar/hamneanlegg som vert laga til passasjerskipa. Hamneanlegga må lages slik at dei kan brukast under alle vêrforhold som ein kan vente gjennom sesongen, og slik at skipa kan gå til kai utan bruk av taubåt. Djupner og manøvreringsareal må stå i forhold til den skipsstørrelsen som det skal satsas på. Ved å bygge ein skikkelig fast betongkai, vil denne også kunne brukas til andre typar skipstrafikk utanføre cruisesesongen.

Fylkeskommunen stiller spørsmålsteikn til om verkeleg ønskjer seg cruiseturisme? Innovasjon Norge dokumenterer turistforbruk. Fordel med cruiseturisme er volumet, men dei legg igjen færre kroner per døgn enn landturisme. Fotturisme er ei satsing. Kvinnherad er unikt. Kor stort volum tål ein i Rosendal sentrum? Diskusjonen må takast no, i denne planen. Turister ønskjer å sjå lokalbefolkning som trivs, ikkje som er framandgjort på eigen stad. Fylkeskonservator understreker cruisebåt sin framtoning som stort landskaps-element. Det vil endre heile landskapet i Rosendal.

Kvinnherad kommune kommenterer at diskusjonen skal takast både i næringsplan, i KPS, klima- og miljøplan, og i denne områdeplanen. Politikarane kan sette avgrensingar for storleiken. Ein kan godt tene på cruiseturismen, det handlar om å legge til rette for kva dei vil ha. Og ein kan stille krav til miljøkrav, vere ein føregangsplass for cruise. 3RW kommenterer at Olden er stor cruisehamn for Stryn, som krev bussoppstilling to stadar. I Stryn er sentrum attraksjonen, Rosendal meir området.

Gjennomgang av scenario med påfølgande diskusjon

- Scenario 1 – tett og lågt

Her bygger ein tett og lågt, 2-3 høgder, der ein fortettar gamle sentrum og plasserer idrettshallen i nærleiken av skulen. Parkeringshus etablerast og bobiltrafikken vert flytta nærare sentrum. Strandpromenaden er saks innimellom sentrum for å skape liv og samanheng. Alt skal ikkje detaljerast no, men vi skal ha eit tilstrekkeleg langt perspektiv (mot 2050) for å sikre nok areal. I dette scenariet sikrar ein gode plassar med sol og klimatisk skjerming.

Planseksjonen vurderer at dette scenarioet har god skala, og morfologien er tilpassa seg eksisterande struktur. Det er også positivt at det er fortetta i dei sentrale gatene mot fjorden, og større industri får stå for seg sjølv. I utbygging av dette scenarioet må ein sikre kvalitet i alle utbyggingstrinn for å sikre seg kvalitative bumiljø også om utbygginga staggår etter berre nokre byggesteg. 3RW kommenterte at rekkefølge og midlertidigheit er noko som må takast omsyn til undervegs i planen. Dei fortel også at i Malmø har slik utbygging vært vellykket. Utsiktsenhetene ved vannet er oppkjøpt av de bemedlede, mendan barnefamiliene tar plass frå rad 2.

Kommuneplanen tek høgde for havnivåstigning. Bjerknessenteret mener at det ikkje vil vere særleg havnivåstigning grunna landheving. Elv meir enn flaumfare – vassdraget må sjåast på som verdi.

- Scenario 2 – storskala og høgt

Her bygger ein storskala i 5-6 høgder. Voluma er ikkje nødvendigvis større enn det som er i dag mtp skipsbyggerindustrien. Ein flyttar idrettshallen inn mellom eksisterande barne- og ungdomsskuler Parkeringshus vert etablert i med same høgde som Skipsbyggehallen. Dette endrar landskapet. Same volum/m²-areal som scenario 1.

Fylkeskonservatoren vurderer scenarioet som eit forsøk på å kombinere bustad og næring for å skape liv. Kvaliteten i dette scenarioet er det store opne grønne feltet mot fjorden. Men idrettsanlegg krev parkering og bussar, kanskje ikkje egna på elvemunningen. Bykvalitet manglar noko her i eit senter i stor skala. Oppmodar til å planlegge for gåande, og halde store parkeringsplassar unna. Tenk tetthet, nærleik, og bygg på bygningsarven som ein har frå før. Gjerne nytt, men trekke med seg kvalitetane inn i det nye. Attraktive kremtomter for bustadbygging med utsikt vil tiltrekke seg rike, ikkje småbarnsfamiliar. Skipsindustrien har etterlatt seg ein unik bygning. Denne gjev eit unikt møte med Rosendal.

Planseksjonen støttar at dette er ein spanande struktur ein må ivareta og bruke som identitetsbevarande element i sentrum. Kanskje kan den transformerast til handel eller til bustader? Alternativt kan strukturen nyttast til å formidle noko om produksjonsindustrien. Fylkeskonservatoren kommenterer at skipshallen er unik, og at ein bør behalde den drifta som er der - sentrum tåler dette. Skipsindustrien har representert ein stor del av det ein har drive med i Rosendal, og såleis er del av kulturarva i bygda. Scenarier er nyttige å diskutere, resultatet blir nødvendigvis ein mellomting. Det er mange symboltomter i området. En bevissthet om kva ein plasserar på tomtene er viktig. Historiske bygg er viktig for turisme. Folk ønskjer å få fortellingane om staden. Eigenart og identitet på ein stad er viktig både for lokale og tilreisande.

- Scenario 3 – idrett og grønt

Idrettshallen er lagt til gamle industriområder, og oppnår sosial kontroll mot store åpne grønne areal. Elles er det meir punktvis fortetting, og nokre funksjonar flytta sørover. Dette gjev meir balanse, og ei forsiktig fortetting. Bubilparkering er lagt langs sjøen bak eksisterande naust og hyttar.

Kultur- og idrettsseksjonen vurderer dette som eit veldig fint utgangspunkt: Ein skaper rom for aktivitet, at og alt av idrett, skule, sentrum og gjestehamn samlast. Kan bubilanlegget leggast til gjestehamn? Strandpromenaden er eit heilt nytt anlegg som kan nyttast til aktivitet. Her er mange gode moglegheiter.

Planseksjonen påpeiker at dette scenarioet ikkje gjev rom til særleg mykje bustadbygging i sentrum. Senterplanen tilrår at bustader skal leggjast til sentrum for å sikre aktivitet og liv gjennom døgeret. Det er heller ikkje sett av særleg areal til næringsutvikling.

Kommunen løfter problemstillinga om buplikt, då dette er oppe til debatt i Rosendal ganske ofte. Er dette eit verkemiddel som er eigna for Rosendal? Det er ei utfordring at folk kjøpar opp bustadar i sentrum og bruke til fritidsbustad. Kommunen har redusert buplikt på landbruksareal frå 35 til 20. Planseksjonen fortel at Fitjar har same problemstilling, og at dei foreløpig berre er klåre på at det ikkje skal gå an å regulere om sentrale bustader til fritidsføremål. Håland frå KIRU i fylkeskommunen rår politikarane til å drøfte problemstillinga slik at det ikkje berre er rike Bergensarar og Haugesundarar som brukar Rosendal. Buplikt er eit verkemiddel på Sørlandet.

- Scenario 4:

Her legg ein til rette for reiseliv og turisme. Det vert store samferdselsareal i sentrum, idrettshallen kan også nytte parkeringsplass til utandørs idrettsareana utanom sesong. Strandpromenade utanfor

langs sjøen krever ommlegging. Er det kritisk masse til å leve med? Er utviklingsa for spreidt for å sikre sentrum.

Friluft- og idrettsseksjonen er positiv til medverknadsprosessen det leggst opp til – lytt til folk for plassering. Idrettsplassar bør leggst i nærleik av skuleplassar og der folk bruker grøntarealar i dag. Løft blikket og tenk heilskapleg. Tilknytning til eksisterande anlegg, skule, sykkel, parkering er viktig, ikkje berre tomta.

3RW understreker at idrettshallen vil vere tett på sentrum uansett, men det er viktig å bruke idrettshallen som eit attraktivt element. Fylkeskommunen utfordrar kommunen til å lage ein idrettsplass som kan vere ein inkluderande og uformell møteplass med sosial miks på tvers av generasjoner. Ein sentrumsnær idrettshall må vere inkluderande for andre brukarar.

Kystverket spelar inn at kaiforslaget Flytebrygge kan ligge i vegen for småbåthamna. Forslaget ligg tett på elvemunningen. Er det betre borte mot ungdomsskulen? Det bør vere 50-60 anløp for at cruisehamn skal vere lønnsamt. Men serviceindustrien knytt til cruiseturismen gjer også arbeidsplassar.

Fylkeskonservator påpeiker at cruisebåt tar den mest attraktive tomten i sentrum. Plansjef understreker at Rosendal har nasjonal verdi som landskap, blant det ypparste i Hordaland. Fylkeskommunen spelar også inn at det kan vere krevjande i høve til trafikkisikkerheit med stor bussoppstillingsplass like ved arena for barn og unge.

Avslutning

Kommunen understreker at ein i tidleg fase må ein sjå på planavgrensiga som eit utkast. Det vil nok likevel ikkje være aktuelt å strekke plangrensa i nord eller sør, men ettersom ein ønskjer medverknad frå innbyggjarar og politikarar må ein venta at plangrensa vert strekt austover dersom det kjem tungtvegande innspel på det.

Håland frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) ved fylkeskommunen gjev honnør til kommunen for den åpne invitasjonen dei ønskjer å møte befolkninga med. Rosendal er noko av det ypperste regionen har å by på, strandpromenaden er ein perle – her kan ein tenke på Nordheimsund og Sogndal. Lokasjon utanfor Rosendal sentrum for cruisehavn er eit viktig poeng kommunen må ta med seg vidare. Rosendal er også porten til Hardanger. Det er spanande tider kommunen går inn i.

Møteleiar påpeiker at områdeplanen også er ein fin moglegheit til å trekke fram kommuneplanarbeidet. Her kan planane spele på kvarandre. Oppfordrar til å med innspel om cruisedebatten inn i KPA-arbeidet. Det var kjekt å få ta del i diskusjonen i ein så tidleg planfase.